

JUBILEUMSKONFERANSE



Kriesesenteret
i Sogn og Fjordane

Kriesesenteret i Sogn og Fjordane 40 år

Saman i kampen mot vold
i nære relasjonar



20. mars 2025

10.00– 16.00
Florø kulturhus



A til Å • atilaa.no

Påmelding til konferanse og jubileumsmiddag innen 1. mars [her](#)

KONFERANSEN ER GRATIS

Vi markerer jubileumsåret med middag på Haavebua kl. 19.00.
Her blir det underholdning og festtar og ein velsmakande meny.

Jubileumsmiddag kr 670,-

Vi vil takke Sparebanken 1 Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest
som har bidratt økonomisk, noko som har ført til at vi kan tilby deltaking
på konferansen gratis til våre samarbeidspartnarar.

SpareBank 
SOGN OG FJORDANE

 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

For spørsmål ta kontakt med Anja Korneliussen på tlf. 415 34 915 eller anja@kriesesenteret.sf.no

PROGRAM

Krisesenteret i Sogn og Fjordane
– 40 år i kampen mot vold i nære relasjonar



Jubileumskonferanse 20. mars, Florø kulturhus

10.00-10.20	Velkommen og innleiing ved Siv Førde Refsnes
10.20-10.50	Hadia Tajik, vold i nære relasjonar
10.50-11.00	Pause
11.00-12.00	Margunn Bjørnholt, fortsettelsesvold
12.00-13.00	Lunch
13.00-14.00	Jannicke Stav "Noen andre har sikkert trengt denne plassen mye mer enn meg" – Forståelser av voldsbegrepet
14.00-14.15	Pause
14.15-14.45	Veronica Bratseth, Aldri Alene
14.45-15.00	Pause
15.00-15.45	Wanja Sæther, veien ut av vold, overgrep og utnyttelse
15.45-16.00	Oppsummering ved Siv Førde Refsnes

FOREDRAGSHALDARAR

Krisesenteret i Sogn og Fjordane
– 40 år i kampen mot vold i nære relasjonar



Fotograf: Vilma Taubo. Klassekampen.

Margunn Bjørnholt er ein internasjonalt anerkjent forskar på kjønn og vold. Ho er tilsett som professor i sosiologi ved VID vitenskapelige høyskole. Ho har tidlegare jobba som forskar ved NKVTS, og som professor II ved sosiologisk institutt ved Universitetet i Bergen.



Foto: Stortinget.

Hadia Tajik er stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet, tidligere nestleder, Kulturminister og Arbeids- og inkluderingsminister. I dag er ho talsperson på justisfeltet i partiets stortingsgruppe. Av utdanning er ho jurist og journalist med mastergrad i menneskerettigheter.



Jannicke Stav er psykologspesialist og har jobba 12 år ved Alternativ til Vold som terapeut, kontorleiar og leiar for to store voldsforebyggjende prosjekt. I ATV har ho jobba både med menneske som utøver vold, vaksne og barn som vert utsett for vold og barn. Stav er spesielt oppteken av korleis manglande samhandling i hjelpeapparatet pregar familiar som lever med vold. Hausten 2024 starta ha på eit doktorgradsarbeid der ho ser på korleis anmeldt vold får betydning i foreldretvistsaker.

FOREDRAGSHALDARAR

Krisesenteret i Sogn og Fjordane
– 40 år i kampen mot vold i nære relasjonar



Veronica Bratseth står bak organisasjonen Aldri Alene. I 13 år levde ho i eit voldelig forhold. No bruker ho erfaringane sine til å hjelpe andre. Aldri Alene er ein frivillig organisasjon for og av voldsutsette kvinner, deira barn og pårørande, og vart offisielt registrert i 2023. Det starta som ei lukka Facebook-gruppe for voldsutsette og utvikla seg til ein organisasjon då Bratseth kom i kontakt med NKS Kvinnehelsehus Bergen.



Wanja Sæther er utdanna sosionom og jobber som leiar ved krisesenteret i Salten. Der har ho jobba i over 30 år, og har dermed lang erfaring frå feltet. Ho har skrevet ei handbok til dei som blir utsett for vold og overgrep. Til no har krisesenteret stått for fleire bøker, filmar, kampanjar og kunstutstillingar.



Siv Førde Refsnes er utdanna psykiatrisk sjukepleiar med ei mastergrad i resiliens og psykisk helsefremmande arbeid. Ho har lang praksis i arbeid med barn og traume, med spesielt fokus på flyktningar. Ho har forska og undervist ved HVL om temaet barn og traume, og følgjene av krigs- og familievold. Sentralt er fokuset på positiv psykologi og spørsmålet «What is raising human beings above zero»? I 2019 vart ho førstelektor i helsefag ved HVL, men er i dag pensjonist. Siv har gjennom åra vore politisk engasjert for menneskerettar på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Siv vart medlem i styret for krisesenteret i 2002, sidan 2008 som styreleiar.